

Velkommen jol du signede dag

Tone: Gud signe vort dyre fædreland

1) Velkommen jol du signede dag
for dei med vor Herre leva
dei yver seg hev Guds velbehag
han signing aa fred vil gjeva
Guds ord er ljaset paa deira veg
dei aller i myrkje svæva

2) Dei veit at han hev dei ting dei treng
kormed deira liv skal nørast
so difor ikkje dei vonlaus gjeng
kvarhelst dei i verdi færast
aa kvar ei guds daava hev dei kjær
men han aa hans vilje kjærast

3) Naar Jesus er liv aa ljøs aa sol
maa alle skuggane svinna
difyr vert det ei signade jol
i Jesus ein alt vil finna
Guds ande i hjarta trutt aa traatt
um sanningi alltid minna

4) Men dei so berre hev verdi kjær
aa det so verdi kan gjeva
aa aller gjev gaum kva veg det bær
naar berre ein flust kan leva
njota aa faa det so verdi hev
altid i tankarne sveva

5) For alle det vert ei signad jol
faar Anden hjarta regjera
naar Jesus er hug aa liv aa sol
kva vil du meira begjera
men sjaa me paa da, da er 'kje so
det andre vegar vil bæra

6) Nei kor kan ein vona signing daa
naar kun ein med verda dona
i dal aa pa fjell, i krok aa kraa
me finna kun verdsen vonar
endaa Guds pris av gamal – ung
I kyrkje aa bønhus ljomar

7) I kyrkjer og bønhus mange har
vist seg i aalvoret snilde
men berre fortel kva Jesus var
men lite um kva han vilde
stadigt beverta med mjuke ord
aa alting høyres so gilde

8) Men læs me um korleis Jesus var
naar han rettleide um orde
i alle høve var viljen has far
han baate snakke aa gjorde
den vegen ein lære maa ein ga
Gjera so meistaren gjorde

9) Men sjaa me so paa kor live er
so vil det 'kje harmonera
sandt me finna eit Babylon her
so hykleri vil florera
viljen hans far den gløymer ein burt
forsaka da vil ein 'kje gjera

10) Nei, skal ein i sanning halda jol
ein tru aa ærleg maa vera
sjaa Peder fornegtart, hanen gol
men kva laut Peder daa gjer
venda seg burt tok ein bitter graat
aa lekse si upp at læra